

REFERAT FRÅ MØTE I SINNES SMU OG SU 05.12.19

Til stades: Karine Tjørhom Myhra, Svein Rune Skilnand, Piotr Jarosz, Siri Fidjeland, Karoline Tjørhom, Marius Nygård Fidjeland, Lena Bøgwald, Erik Kolbeinsen, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Helin Morel og Odd Kjetil Kvalvågnes (vara)

SMU-møte:

Sak 17/19: Kva er eit godt skulemiljø?

På grunn av andre store saker, vart dette utsett denne gongen òg.

Sak 19/19: Dusjing etter kroppsøving

Skulen kan ikkje tvinga elevar til å dusja etter gymtimen, jf. m.a. nettstaden <https://barneombudet.no/dine-rettigheter/pa-skolen/ma-man-dusje-etter-gymtimen/>, men me kan leggja til rette for at dei som vil dusja, får det, og at ein lærar av same kjønn er i garderoben. Andre skular let t.d. elevane bruka lærardusjen, køordning med to minutt dusjing til kvar elev.

Så lenge timane er lagde opp til at det er tid til å dusja, og det ikkje er noko problem å dusja etter symjetimane, ynskjer skulen at elevane dusjar etter gymtimen. Skulen ynskjer òg melding frå heimen dersom barnet ikkje skal dusja.

SMU stilte nokre spørsmål om stoda i dag, og i 1.-7. klasse er det ein lærar av kvart kjønn i alle gymtimar. Ungdomsskuleelevane dusjar i dag, både etter gym og symjing. SMU er samde om at det er viktig å dusja for å ha god hygiene, skapa gode vanar frå tidleg alder og at det vert òg lettare for lærarane å følgja opp i garderoben når alle har "felles rutine". Det er opne garderobar i symjehallar og badeanlegg, og når ein kan dusja etter symjetimen, bør ein kunna det etter gym òg. Det tek lengre tid for dei minste, men dette kan skulen ta omsyn til ved timeplanlegging framover, m.a. ikkje ha gym i 4. time når elevane skal rett til ny time.

Ein vart samd om at ein legg inn eit skjema i Visma flyt skule der foreldre melder frå at dei ynskjer at barnet deira skal dusja, og så nyttar foreldra vanleg melding til læraren om det er spesielle grunnar til at barnet ikkje skal dusja ein gong eller to.

Sak 20/19: Innspel om ombygging Sinnes skule

Skal ein utarbeida eit felles innspel til kommunestyret/politikarar der både elevar, foreldre, lærarar og politikarar sine synspunkt er med? Budsjettet skal opp i formannskapet seinare i dag, og flest mogleg foreldre er oppfordra til å møta opp.

Rektor informerte om siste utvikling, der Bilstad bygg AS har levert tilbake-melding om korleis firmaet stiller seg til ei ev. endring av kontrakt og kva krav dei ev. vil retta mot Sirdal kommune for kostnader til anbodspapir og forteneste på prosjektet. Dei viser til Nasjonal standard NS8407 ved kansellering der "påløpte kostnader kreves dekket", noko som utgjer kr. 440 000,- og eit ev. erstatningskrav på 20% av resterande sum. Ved utsetting eller endring kjem det krav om dekning av ev. økonomiske tap og "rettmessige krav på vederlagsjustering og fristforlengelse" etter NS 8407.

FAU har invitert politikarane, aviser, verneombod og rektor til ei omvising på Sinnes skule 11. desember kl. 16.30. SMU meiner det kan vera lurt å invitera heile arbeidsgruppa, einingsleiar skule og rådmann.

Skulen må tilfredsstilla arbeidsmiljølova, om ein har fått pålegg eller ikkje, og elevane har rett på miljøretta helsevern. Tidlegare utdanningsdirektør i Vest-Agder har tilrådd å senda klage til fylkesmannen og fylkeslækjaren på §9a-7 om det fysiske miljøet; *Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.*

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.

FAU skriv og sender klagen snarast råd! Dei har allereie sendt bekymringsmelding til politikarane etter signal i media om at dei ikkje vil prioritera ombygging på Sinnes skule. SMU meiner denne saka handlar om tillit, samarbeid, demokrati og haldningar, og medieoppslaga har ført til å forsterka eit skilje mellom Øvre Sirdal og Tonstad. Det er klart at elevane skal vera saman, men via treffpunkt ulike stader i kommunen.

Er tanken at elevane skal til Tonstad på ungdomsskulen, vert dette vanskeleg på grunn av avstandar og manglande kollektivtilbod. Skal dei vera med på fritidsaktivitetar på Tonstad, må dei bli verande att etter skuletid, og det kan gå ut over tid til å gjera lekser og fritid. Det kan òg vera vanskeleg å koma inn i eit etablert miljø med elevar som har gått saman i sju år allereie.

SU-møte:

Sak 13/19: Foreldremøte

Det blir foreldremøte med barnevakten.no, og Åse-Berit kontaktar rektor på Tonstad skule, Elisebeth Åvesland, om eit samarbeid.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)